

2015/49418

Dokumentseneteret

14 DES. 2015

Arbeidstilsynet
Postboks 4720
Sluppen
7468 Trondheim

Sogndal, 07.12.2015

VERNETENESTA SI VURDERING AV ARBEIDSMILJØET VED SOGN BARNEVERN

Viser til skriv frå Arbeidstilsynet til Sogndal kommune datert 03.11.2015 om postalt tilsyn –krav om opplysningar, ved Sogn barnevern.

Vernetenesta takkar Arbeidstilsynet for at dei tek tak og stiller krav til Sogndal kommune når det gjeld arbeidsmiljøet ved Sogn barnevern. Set og pris på at det vart gitt tre vekers utsetjing på tilsvaret.

Vernetenesta (saman med fagorganisasjonen) har hatt møte med arbeidsgjevar om problem ved arbeidsmiljøet ved Sogn barnevern. Etter tre vekers utsetjing har arbeidsgjevar kome med heilt konkrete tiltak for korleis løyse problema.

1. Det vert satt i gong strakstiltak på Sogn barnevern
2. Det vert satt i gong grunnleggjande strukturendringar.

Dersom dette vert gjennomført slik det vart lagt fram, vil det både ha umiddelbar verknad og langtidseffekt for betring av arbeidsmiljøet ved Sogn barnevern.

Både lokalt verneombod og HVO (i samråd med dei tilsette ved Sogn barnevern) har tru på at dette vil vere gode og framoverretta tiltak slik saka står no.

Tiltaka vart skissert å vere godt i gong til 1. februar. Dersom det innan den tid **ikkje** ligg føre vesentleg endring, vil vernetenesta ta kontakt med arbeidstilsynet for vidare oppfølging.


Med Helsing

Vernetenesta ved:

Rannveig Husum

Verneombod

Frank Nymark



Hovudverneombod